

## Aktivitetsplan 2017/2018

Dato	Arrangement	Komite
Tysdag 18. april	Ut å marsjere/øve	Styret
Laurdag 22. april	Defilering turnstemne	Styret
April - mai	Dugnad på tak i Gravdal	Gravdalgruppa (Datoar blir opplyst om seinare)
17. mai	Speling	Styret
20. mai	Linneakonsert (ALS)	Styret
11. juni	Måløyspeling	Styret
22. august	Start haustsesong	
1.-3. sept.	Blåtur	Stine, Espen, Asbjørn, Ingunn.
20. og 21. okt.	Heim i haust	Johanne, Erling, John Inge, Alice, Laila B, Kari.
22. oktober	Basar	Eli, Laila M, Marthe, Tove, Terje N, John.
17. des.	Julekonsert kl. 17.00	Styret (Kyrkja er bestilt)
29. desember	Juletrefest Gravdal	Gravdalgruppa,
13. jan. 2018	Nyttårskonsetr 2018	Lina, Sølvi, Linda, Ola V, Petter, Noteutval.
13. jan. 2018	Medlemsfest	Reidunn, Anne Mari, Inge, Jonathan.

## Desse har verv



### Etter årsmøtet i Torskangerpoll Musikklag 28. mars har desse verv:

Styret:		Revisorar:	John Svarstad Eli Refvik
Leiar:	Johan E. Wåge	Valnemnd:	Erling Wåge Linda M Bakke Ingun Kvalheim
Styremedlem:	Terje Wåge	Husstyre Gravdal:	John Inge Wåge Harald Oppedal Tor Åge Gravdal Terje Wåge
Styremedlem-kass.:	Tor Åge Gravdal	Uniformsansvar.:	Anne Mari Knotten
Styremedlem	Johanne Velle	Instrumentforvaltar:	Terje Wåge
Styremedlem-sekret.:	Laila Berg	Noteforvaltar:	Ola Refseth
1. Vara:	Laila Mykland		
2. Vara:	Sølvi Loen		
Noteutval:	Erling Wåge Terje Wåge Jonatan Nyborg		

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 4

24. årgang

April 2017

## Laga stemning på kyrkjekonsertveke



Både Torskangerpoll musikklag og Holvik skulekorps deltok på kyrkjekonsertveke i Sør Vågøy kyrkje i slutten av mars.

Det var to fine konsertar der musikantar frå vestre krets gjorde ein flott figur og fekk mykje skryt.

**God påske til alle**



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Dagens portrett: Eirik Gjerdevik

Har du det bra?:

Har det brillefint.

Kva vil du ha til bursdagen?:

En mer tolerant verden

Gå på ski eller sjå på?:

Sjå på

Kokt egg eller speilegg?:

Speilegg

Sukker eller sirup til klubb?:

Har no ikkje noko søtt på dei. Røyke-  
noke eller bacon er mitt tilbehør

Fisk eller kjøtt på grillen?:

Begge deler

Jordbærsylte eller bringebærsylte?:

Jordbær

Makrell i tomat eller susji?:

Makrell i tomat. Eg et ikke agn

Takk-for-maten-tale eller betale rekn-  
inga?:

Liker å snakke og betale eg.

Fortelje vitsar eller høyre på?:

Fortelje

Feriemål?:

Gran Canaria

Tidleg i seng eller tidleg opp?:

Er vel best på å gå legge meg så seint at

det bare er å stå opp att

Skifte dekk eller vaske hus?:

Har folk til å gjere begge deler

Forspiel eller nachspiel?:

Kan ikkje gå glipp av ein fest verken før  
eller etter

Køyre sjølv eller sitte på?



Kjøre sjølv

Kva høyre du på i bilen?:

Helst ingenting. Stillhet er fint

Fotballkamp eller kino?:

Kino

Vassendgutane eller Kygo?:

Ikkje fan av nokon, men hører gjerne på  
begge.

Trump eller Clinton?:

Obama

Konge eller president?:

Konge . Var litt i tvil før USA valget, no  
er eg heilt sikker!!

Solberg eller Støre?:

Solberg

Det første du ville gjort som statsminis-  
ter?:

Ringt Obama

Trøsykkel eller motorsykkel?:

Trøsykkel


Fyre med ved eller varmevifte?:

Begge deler, mest varmpumpe

**Vitsehjørnet:** Hva ville en musiker  
gjort hvis han vant en million? Fortsatt  
å spille til pengene var brukt opp.

Hvor mange countryartister trengs for å  
skifte en lyspære? Tre. En til å skifte den  
og to til å synge om den gamle.

## Vil du vere med å ta eit tak?



Taket på Gravdal skule er dårleg og lek. No er det planar om ein stor dugnad i april/mai der taket skal skiftast. Det blir fleire dugnadsdagar og kveldar, og John Inge Våge i Gravdal-gruppa håpar på å få med hjelparar til dugnaden også utanfor korpset. Datoane for dugnader er ikkje sett opp. Dette er sjølvsaugt vêravhengig, og dei som organiserer er opptekne at arbeidet kan skje på ein trygg og god måte. Gruppa har fått økonomisk støtte til prosjektet.

**Kontakt John Inge, 90543504, om du vil hjelpe til med å fikse taket.**

## Tid for å fornye abonnement på Vredens Gnag

Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 150 kroner eller til kontonummer 3705 24 26104 innan 10. mai. Du kan også betale på Vipps til Torskangerpoll Musikklag. Du må hugse å skrive namn på giroen eller på Vipps på kven du betalar for.

Har du ikkje fått giro, eller vil betale så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.

Då er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklag og kulturlivet i Vågsøy. Du får også fem gratis lodd på bøkene på basaren til hausten og er med i trekninga om fine gevinstar.

